



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd tysdag 24.05.22 kl. 17.00 – 19.00 i Gamlebanken i Bjordal.

Tilstades: Sissel Sørebo, Joar Oppedal, Åge Østerbo, Kenneth Førde og sekretær Ann Iren Østerbo.
Ingunn Østerbo og Karl Hjelmeland på telefon.

Fråverande: Alf Magnar Svartemyr og vara Jon Nesheim

Ord for dagen : Karl delte tankar frå Apg. kap. 1 og Kristi Himmelfartsdag.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker :

- 10/22 Info frå fellesrådet v/Sissel. Det er no ordna med vatn på gravplassen i Ikjefjord. Kyrkjevejestillinga er utlyst med søknadsfrist 1. juni.
- 11/22 Det kom inn 10.859,- til fasteaksjonen på bøsser og 5.650,- på vipps. I tillegg 4 offer i kyrkjene til katastrofehjelp til Ukraina på 11.040,-
- 12/22 Dugnad på kyrkjegarden i Ortnevik – 4 personar, og i Bjordal 6 personar.
- 13/22 Ingen søkjarar til prestestillinga ; Geir er spurt om å vere vikar i 60% stilling i Lavik og På Sørsida frå ca 1.sept.
- 14/22 To søkjarar til kyrkjelydpedagogstillinga, men dei hadde ikkje relevant utdanning; stillinga blir utlyst på nytt.
- 15/22 Laurdag 1. okt. blir born i området invitert til musikalsk opplegg for barn i Lavik.
- 16/22 Det blir møte i trusopplæringsutvalget 31. mai.
- 17/22 Duken på lesepulten i Bjordal er blitt slitt. Dagny Bjordal byttar denne ut med ein tilsvarande som ho har teke vare på for kyrkjelyden frå den vart overlevert og ho sat i soknerådet. Det var Andrine Svartemyr som i si tid byrja å sy altarduk.

Sakliste

Sak 22/22 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 29. mars.

Vedtak: Møteprotokoll frå 29. mars vart godkjent.

Sak 23/22 Desse arrangement/tiltak har vi hatt sidan forrige soknerådsmøte :

- Fin samtalegudsteneste i Ortnevik 3 april - 40 personar.
- Påskesamling i Ortnevik kyrkje skjærtorsdag 14. april – 21 personar.
Anders Brekke spelte, Sissel Sørebo, Yngvild Sørebo Danielsen og Joar Oppedal las tekstar.
- Høgtidsgudsteneste i Bjordal 17. april – 20 personar. Fin gudsteneste, men ingen barn.
- Konsert i Ortnevik kyrkje 23. april med Kyrkjebø skule og ungdomskorps (17) – 27 personar.
- Familiesamling i Ortnevik kyrkje 7. mai – 8 barn og 11 vaksne.
Bibelforteljing om sauene som gjekk seg bort, song, aktivitetspostar, leik og mat.
Desse samlingane er lettast å få til i Ortnevik sidan det er flest born der no.
- Hyggestund på Bygdetunet 11. mai – 19 personar. Olav Bjordal spelte trekkspel, Bjørn Rørtveit, Roald Jensen og Sissel S. sto for programmet. Kari Søreide hjalp til.
- Gudsteneste 17. mai i Ortnevik (50) og i Bjordal (32) – Fleire barn med i Ortnevik, ingen barn i Bjordal, så det er utfordring å få til ei familiegudsteneste der.
- Konfirmasjonsgudsteneste 22.mai Bjordal (115) i Ortnevik (37) her også med dåp - fine gudstenester.

- God helg v/Geir Sørebo på nett – om desse andaktane blir delt på facebook når dei fleire.

Sak 24/22 Friluftsgudsteneste på Sørebo 6. juni kl.12.

Vedtak: Karl legg opp til ei familiegudsteneste. Forhåpentlegvis blir eit barnekor på 4 jenter med. Sissel tek kontakt med familiane. Ho forbereder ein natursti for vaksne og barn.

Joar høyrer om John Eivind Warvik vil lage eit aktivitets - opplegg for barna.

Åge tek ansvar for grilling/ bålpanne.

Ingunn lagar to platekaker, og Ann Iren høyrer med Thea Elisabeth Warvik om å lage ei tilpassa kake for dei som har allergi.

Joar, Ingunn og Ann Iren hjelper til med kyrkjekaffien og elles det praktiske. Dei tek også med nokre kanner kaffi; resten kan traktast på Sørebo.

Ann Iren kjøper elles inn det som trengs.

Sak 25/22 Olsokgudsteneste på Sande fredag 29. juli kl. 18.00

Vedtak: Audun Systad er prest, han har mykje kunnskap om kvernsteinane og krossane.

Anders Brekke spelar. Joar og Ann Iren utfordrar nokre frå Ortnevik om å hjelpe med baking til kyrkjekaffien. Nokre restar av kake får vi kanskje også frå Sørebo.

Gåve til kyrkjelydsarbeidet som vanleg.

Sak 26/22 Stoff til neste Helgestunder.

Vedtak: Frist for kommande blad var 23. mai, Sissel har sendt inn relevant stoff.

Neste frist er i slutten av august, og det er berre å komme med forslag til tema og aktuelle saker. Hugs å ta bilete på arrangement!

Sak 27/22 Gudstenesteplan fram til nyttår.

Vedtak: Soknerådet hadde ein gjennomgang av gudstenestelista ut året. Det meste

vart drøfta på førre møte. Det kan bli ekstra dåpsgudsteneste i

Ortnevik. Vi ser kva som kjem og fordeler oppgåver deretter.

Sak 28/22 Open kyrkje i Ortnevik i skuleferien

Vedtak: Ortnevik kyrkje er open måndagar kl. 20-21, frå 20. juni til 15. august. Det blir lagt ut info om kyrkja på norsk og engelsk, og ei bønn. Same plakat som vart nytta for 3 år sidan kan brukast som mal.

Joar og Ann Iren får ansvar for å høyre med frivillige i Ortnevik om å vere vert.

Sak 29/22 Samlingar til hausten

Vedtak: Soknerådet vil prøve med forum for tru og tanke - 3 kveldar i ulike bygdela, og innleiinga v/Geir Sørebo. Saka blir teken opp att på neste møte.

Sak 30/22 Møteplan vidare.

Neste møte blir tysdag 6. sept. kl.17-19 i Gamlebanken.

Eventuelt

Sak 31/22 Konfirmantopplegg 2022/2023

Vedtak: Soknerådet drøfta konfirmantopplegg for kommande år, kor mange konfirmantar og korleis opplegget blir er enno usikkert.

Prosten må informerast og foreldre må kontaktast ganske snart.

Innan 14 dagar tid veit ein truleg meir.

Sissel takka Karl for månadane her på Sørsida, dette var det siste soknerådsmøte for han, når han no sluttar som vikarprest til sommaren.

Karl lyste velsigninga til avslutning.

Sissel Sørebo
leiar

Ann Iren Østerbo
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor